

Søknaden sendast til	Namnet på kommunen	Adresse	
Søknaden gjeld	Serveringsløyve <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	Skjenkeløyve <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	
	<input type="checkbox"/> Start av ny verksemd	<input type="checkbox"/> Overdraging av verksemd som er i drift	Overdragingsdato

**Del I. Skal fyllast ut ved søknad om serveringsløyve og/eller skjenkeløyve**

**1. Serveringsstaden / skjenkestaden**

Namnet på serveringsstaden/skjenkestaden		Org.nr.	
Adressa der serveringa/skjenkinga skjer	Gnr. og bnr.	Telefon	Telefaks
Kva slag verksemd søknaden gjeld <input type="checkbox"/> Restaurant <input type="checkbox"/> Kafè/konditori	Gate- <input type="checkbox"/> kjøkken <input type="checkbox"/> Bar	Diskotek/ <input type="checkbox"/> nattklubb <input type="checkbox"/> Anna	Dersom anna, spesifiser
Dato for søknad til Næringsmiddeltilsynet			

**2. Søkjaren**

Namn	Fødselsnr./Org.nr.	Skattekommune	
Adresse	Telefon	Telefaks	
Kontaktperson (namn)			
Adressa til kontaktpersonen	Telefon	Telefaks	
Har søkjaren andre serverings- eller skjenkeløyve? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	Dersom ja, kva løyve?		

**3. Styrar og avløyssar (sjå òg punkt 7)**

Namnet på styraren	Fødselsnr.	
Adressa til styraren	Telefon	Skattekommune
Namnet på avløyssaren	Fødselsnr.	
Adressa til avløyssaren	Telefon	Skattekommune

**4. Eigarane**

Namn	Fødselsnr.	
Adresse	Eigardel	Skattekommune
Namn	Fødselsnr.	
Adresse	Eigardel	Skattekommune
Namn	Fødselsnr.	
Adresse	Eigardel	Skattekommune

**5. Personar som får ein vesentleg del av avkastninga frå verksemda, når det ikkje er i samsvar med pkt. 4**

Namn	Fødselsnr./Org.nr.	
Adresse	Skattekommune	Tilknytning til verksemda
Namn	Fødselsnr./Org.nr.	
Adresse	Skattekommune	Tilknytning til verksemda

**6. Noverande eller tidlegare verksemdar der personar som er nemnde i pkt 2, 3, 4, 5, 7 og 8, er**

Namn		Namnet på verksemda	
Org.nr.	Posisjon/stilling		Tidsrom
Namn		Namnet på verksemda	
Org.nr.	Posisjon/stilling		Tidsrom
Namn		Namnet på verksemda	

Org.nr.	Posisjon/stilling	Tidsrom
---------	-------------------	---------

**Del II. Skal i tillegg fyllast ut ved søknad om skjenkeløyve**

**7. Styrar og avløyser for skjenkeløyvet, når det ikkje er i samsvar med pkt. 3**

Namnet på styraren		Fødselsnr.
Adressa til styraren	Telefon	Skattekommune
Namnet på avløyseren		Fødselsnr.
Adressa til avløyseren	Telefon	Skattekommune

**8. Personar som har vesentleg innverknad på verksemda, når det ikkje er samsvar med pkt. 2, 3, 4, 5 og 7**

Namn		Fødselsnr./Org.nr.
Adresse	Skattekommune	Tilknytning til verksemda
Namn		Fødselsnr./Org.nr.
Adresse	Skattekommune	Tilknytning til verksemda

**9. Kva slag alkoholdrikk søknaden gjeld**

**10. Kva slag skjenkeløyve søknaden gjeld**

<input type="checkbox"/> Øl	<input type="checkbox"/> Sterkøl	<input type="checkbox"/> Vin	<input type="checkbox"/> Brenne- vin	<input type="checkbox"/> Allment løyve	<input type="checkbox"/> Slutta selskap
-----------------------------	----------------------------------	------------------------------	---	--	---

**11. Kva skjenkjeperiode og kva skjenkjetider søknaden gjeld**

Skjenkjeperiode	Skjenkjetid (kva vekedager)	Skjenkjetid - Frå kl. - til kl.

**12. Pårekna omsett alkoholmengd i liter pr. år**

Øl	liter	Vin	liter	Brenne- vin	
----	-------	-----	-------	----------------	--

**Del III. Obligatoriske vedlegg (kryss av)**

**13. Vedlegg til søknad om serveringsløyve**

<input type="checkbox"/>	Rettkjend kopi av vitnemål om at styraren av serveringsstaden har greidd etablerarprøva
<input type="checkbox"/>	Skatteattest for den som har det økonomiske ansvaret for verksemda (den som søker om løyve)

**14. Vedlegg til søknad om skjenkeløyve**

<input type="checkbox"/>	Rettkjend kopi av vitnemål om at styraren av skjenkestaden og avløyseren for vedkomande har greidd
<input type="checkbox"/>	Rettkjend kopi av serveringsløyve dersom det berre vert søkt om skjenkeløyve
<input type="checkbox"/>	Teikningar av staden med oversyn over areal og funksjonar
<input type="checkbox"/>	Konseptutgreiing: Opplysningar om kva slag skjenkestad det er, målgruppe, opningstider, eventuell underhaldning eller anna verksemd i tilknytning til skjenkestaden

**15. Underskrift**

Stad og dato	Underskrifta til søkeren
--------------	--------------------------

## Rettleiing til å fylla ut Søknad om serverings- og/eller skjenkjeløyve

### Innleiing

Del I er sams for dei som søker om serveringsløyve, og dei som søker om skjenkjeløyve. Del II skal berre fyllast ut av dei som søker om skjenkjeløyve. Det III gjeld obligatoriske vedlegg til søknad om serverings- og/eller skjenkjeløyve.

Dersom det ikkje er nok plass på blanketten til alle opplysningane, kan søkjaren gje utfyllande opplysningar på eigne vedlegg. (Sjå til at vedlegga er merkte slik at det går tydeleg fram kva punkt på blanketten dei viser til.) Dette kan særleg vera aktuelt for pkt 4, 5, 6 og 8.

Øvst på søknadsblanketten skal søkjaren føra opp kva kommune han/ho sender søknaden til. Det skal vera den kommunen der serveringsstaden/skjenkjestaden ligg. Merk av kva slag løyve det blir søkt om: serveringsløyve og/eller skjenkjeløyve. Kryss av for om søknaden gjeld start av ny verksemd eller overdraging av verksemd som er i drift (ei aktiv verksemd som alt har serverings- og/eller skjenkjeløyve). Dersom søknaden gjeld overdraging, skal overdragsdatoen førast opp.

Blanketten gjeld ikkje for søknad om ambulerande skjenkjeløyve.

Del I. Skal fyllast ut ved søknad om serverings- og skjenkjeløyve

#### 1 Serveringsstaden/skjenkjestaden

Før opp namnet på serveringsstaden/skjenkjestaden, adressa der serveringa skal skje, og organisasjonsnummeret. Organisasjonsnummeret er det nummeret som serveringsstaden eller det selskapet som eig serveringsstaden (sjå pkt 2), fekk da føretaket vart registrert i Einings- registeret i Brønnøysund. Det skal kryssast av for kva slag serveringsstad/skjenkjestad søknaden gjeld. Spesifiser under «Anna» dersom ingen av kategoriane på blanketten høver. Det kommunale næringsmiddeltilsynet skal godkjenne start av alle serveringsstader og skjenkjestader. Før opp datoen da søknad om godkjenning vart send til næringsmiddeltilsynet.

#### 2 Søkjaren

Før opp kven som søker om løyve, dvs kven som blir løyve- havar dersom søknaden om løyve går igjennom. Løyvehavaren er den personen som har det økonomiske ansvaret for drifta av serveringsstaden/skjenkjestaden. Dette kan anten vera ein fysisk eller ein juridisk person (selskap/ samskipnad). Før opp namnet, adressa, telefonnummeret og eventuelt telefaksnummeret til søkjaren. Dersom det er ein person som driv serveringsstaden (einskildmannsføretak), skal fødselsnummeret (fødselsdatoen - seks siffer) og personnummeret (fem siffer) til søkjaren førast opp. Dersom ein juridisk person driv serveringsstaden, skal organisasjonsnummeret (sjå pkt 1) førast opp. Før opp namnet på kommunen som søkjaren skattar til. Det skal òg takast med om søkjaren har andre serverings- og/eller skjenkjeløyve. Dersom det er tilfelle, skal namnet og adressa til dei serveringsstadene og/eller skjenkjestadene dette gjeld, førast opp. Dersom søkjaren er ein juridisk person, skal søknaden òg innehalda namn, telefonnummer og eventuelt telefaksnummer til ein kontaktperson som kan svara på eventuelle spørsmål i samband med søknadsbehandlninga. Ein treng ikkje fylla ut dette siste punktet (kontaktperson) dersom opplysningane går fram av pkt 3.

#### 3 Styrar og avlørsar

Før opp namnet, adressa, fødselsnummeret (sjå pkt 2), telefonnummeret og skattekommunen (sjå pkt 2) til styraren av serverings-/skjenkjestaden og til avlørsaren for vedkomande. Kven som er styrar, går fram av serveringslova § 4 og alkohollova § 1-7c. Etter serveringslova § 4 er styraren den personen som har det reelle ansvaret for den daglege drifta av serverings-/ skjenkjestaden. Dette vil normalt vera den personen som er dagleg leiar for serveringsstaden. Avlørsaren er den personen som er ansvarleg for den daglege drifta av serverings-/ skjenkjestaden når styraren er borte. Sjå elles pkt 7.

#### 4 Eigarane

Dersom det er ein juridisk person som driv serveringsstaden, skal ein føra opp namnet på personar eller selskap som direkte eller indirekte eig eller kontrollerer det føretaket som driv serveringsstaden. Namnet på alle med vesentlege eigarinteresser i føretaket som driv serveringsverksemda, skal førast opp her. Kva som blir rekna som vesentlege eigarinteresser, er avhengig av eigarsamansetnaden elles. Ein eigardel på meir enn 33,33 prosent vil alltid vera vesentleg. Dersom serveringsstaden er eit enkeltmannsføretak, kan ein visa til pkt 1 og 2. Når det gjeld søknader om serveringsløyve, skal eigardelane til eventuell ektemake/sambuar eller slekt- ningar i rett opp- eller nedstigande line og dessutan sysken reknast med i vurderinga av om ein person eig eller kontrollerer meir enn 33,33 prosent av eigardelane, jf serveringslova § 7. Denne regelen skal hindra enkle omgøingar av vandelskravet. Før opp namnet, adressa og fødsels-/ organiasjonsnummeret (sjå pkt 2) på dei personane/ selskapa som er nemnde ovanfor, kor stor eigardel kvar av dei har i prosent, og kva kommune vedkomande skattar til.

5 Personar som får ein vesentleg del av avkastinga frå verksemda, når det ikkje er samsvar med pkt 4

Før opp namnet, adressa og fødsels-/ organisasjonsnummeret (sjå pkt 2) på den/dei som formelt ikkje er oppførde som eigarar (sjå pkt 4), men som likevel får ein vesentleg del av avkastinga frå serveringsstaden. Vi siktar her til personar som har rett til avkastning av serveringsverksemda, same kva grunnlag denne retten byggjer på. Det er ikkje avgjerande om avkastninga er utdelt eller motteken. Før opp kva tilknytning dei det gjeld, har til serveringsverksemda, og kva kommune vedkomande skattar til.

Dette punktet skal ikkje fyllast ut dersom det er dei same som eig serveringsverksemda (sjå pkt 4) og som får avkastning av inntekta frå verksemda.

6 Noverande eller tidlegare verksemder der personar som er nemnde i pkt 2, 3, 4, 5, 7 og 8, er med /har vore med dei siste ti åra

Her skal det førast opp om dei personane som er nemnde i pkt 2, 3, 4, 5, 7 og 8, for tida eller tidlegare (ikkje lenger tilbake enn ti år) er/har vore med i drifta av andre verksemder. Med «vera med» meiner til dømes om vedkomande er/har vore dagleg leiar, eigar, styreleiar eller styremedlem i andre verksemder (også andre verksemder enn serverings- og skjenkjestader) eller på annan måte har hatt ansvaret for drifta av ei verksemd.

Før opp namnet på dei personane som har hatt ei rolle som nemnd ovanfor, namnet på verksemda, organisasjonsnummeret (sjå pkt 2) og kva stilling vedkomande har hatt i verksemda (til dømes dagleg leiar, eigar (før opp eigardelen), styreleiar, styremedlem mm).

## Del II. Skal fyllast ut ved søknad om skjenkeløyve

7 Styrar og avløyser for skjenkeløyvet, når det ikkje er i samsvar med pkt 3

Etter alkohollova § 1-7c er styraren for skjenkeløyvet den personen som har styringsrett over skjenkinga, medrekna ansvar for å føra tilsyn med korleis løyvet blir praktisert. Når styraren er borte, er det avløyseren som har dette ansvaret. I dei fleste tilfelle er styraren etter alkohollova også den personen som har det reelle ansvaret for den daglege drifta av serveringsstaden/skjenkestaden (dagleg leiar), jf pkt 3, slik dette er definert i serveringslova § 4. Pkt 7 skal berre fyllast ut når styraren og avløyseren for skjenkeløyvet er andre personar enn dei som er førde opp under pkt 3.

8 Personar som har vesentleg innverknad på verksemda, når det ikkje er i samsvar med pkt 2, 3, 4, 5 og 7

Dette punktet skal berre fyllast ut når andre personar enn dei som er nemnde under pkt 2, 3, 4, 5 og 7, har vesentleg innverknad på verksemda. Dette kan til dømes vera tilsette leiarar som ikkje er styrar eller eigar.

9 Kva slag alkoholdrikk søknaden gjeld

Kryss av det som høver. Skjenkeløyve kan gjevast for éin, fleire eller alle typar alkoholdrikk. Ein gjer merksam på at løyve for brennevin berre kan gjevast dersom det òg er gjeve løyve for øl og vin. Løyve for vin kan berre gjevast dersom det òg er gjeve løyve for øl.

10. Kva slag skjenkeløyve søknaden gjeld

Kryss av for om søknaden gjeld alminnelig skjenkeløyve eller slutta selskap. Blanketten gjeld ikkje for søknad om ambulerande skjenkeløyve.

11 Kva skjenkeperiode og kva skjenketider søknaden gjeld

Fyll ut det som høver. Med skjenkeperiode meiner ein kva år, månader, veker, dagar eller sesong søknaden gjeld. Ein gjer merksam på at det er forbode å skjenkja brennevin mellom kl 03.00 og 13.00 og øl og vin mellom kl 03.00 og 06.00, jf alkohollova § 4-4. Dette gjeld likevel ikkje for overnattingsstader i samband med servering til overnattingsgjester.

12 Pårekna omsett alkoholmengd i liter per år

Før opp pårekna omsetning av alkoholdrikk i liter per år. Spesifiser kva slag alkoholdrikk det gjeld. Opplysningane skal nyttast til å rekna ut løyvegebyra, jf alkohollova § 7-1.

## Del III. Obligatoriske vedlegg

13 Vedlegg til søknad om serveringsløyve

Legg ved ein rettkjend kopi av vitnemål om at styraren har greidd etablerarprøva. Det skal òg leggjast ved skatteattest for den som har det økonomiske ansvaret for verksemda, dvs den som blir løyvehavar dersom løyvesøknaden går igjennom (sjå pkt 2). Attesten byggjer på blankett RF-1244 fastsett av Skattedirektoratet (1994). På førespurnad skriv kommunekasseraren eller skattefuten ut skatteattest. Attesten gjev opplysningar om forfalne skatte- og avgiftskrav som ikkje er betalte. Attesten skal vera oppdatert og innhenta tidlegast tre månader før det blir sendt løyvesøknad til kommunen. Skatteattestar som er eldre enn tre månader, blir ikkje godtekte. Kryss av for at kvart einskilt vedlegg følgjer søknaden.

14 Vedlegg til søknad om skjenkeløyve

Legg ved ein rettkjend kopi av vitnemål om at styraren og avløyseren har greidd kunnskapsprøva etter alkohollova. Dette gjeld likevel ikkje ved søknad om løyve for eit visst einskildhøve. Dersom søknaden berre gjeld skjenkeløyve, må søkjaren ha serveringsløyve frå før. Det må derfor leggjast ved ein rettkjend kopi av serveringsløyvet. Det skal leggjast ved teikningar av skjenke staden som viser areala i lokalet og kva funksjon dei har, dvs kva som er bar, avdeling for matsservering, dansegolv, scene osv. Vidare skal det leggjast ved ei konseptutgreiing med informasjon om kva slag skjenkestad det gjeld (til dømes restaurant med hovudvekt på matsservering, kafé, diskotek osv), målgruppe (ungdom, vaksne, familiar, eldre osv), opningstider, om det blir drive anna verksemd i tilknytning til skjenkestaden, og om eventuell underhaldning i lokalet. Kryss av for at kvart einskilt vedlegg følgjer søknaden.

15 Underskrift

Den som søker løyve (pkt 2), må datera søknaden og skriva under han. Dersom løyvesøkjaren er eit selskap, skal søknaden underskrivast av den som har fullmakt til å skriva under på vegner av selskapet. Det vil ofte vera den personen som er oppført som kontaktperson under pkt 2.